



Statens vegvesen

Ingyar Fanebust

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/210007-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
01.11.2018

Svar – Søknad om bruksløyve på den Trondhjemske postveg – Lindås kommune

Viser til søknad om bruksløyve på del av Trondhjemske postveg frå krysset til fv. 400 mot den såkalla postbrygga, ved Fanebust i Lindås kommune.

Bakgrunnen for søknaden er at Lindås kommune har sett krav om at etablert veg på Naustneset skal tilbakeførast til gangveg i breidde 1,2 meter. Overskytande del av massar skal transporterast ut av området.

Vi har tidlegare uttalt oss kritisk til å auke trafikken på postvegen. Bakgrunnen for dette er at postvegen er ein museal veg som ikkje er bygd for å tole transport med moderne køyretøy.

Dersom vegen skal nyttast til transport av massar som omsøkt må dette arbeidet utførast når det er frost i bakken, fordi vegen vil ha betre bæreevne då.

Før tiltaket vert sett i gang må du ta kontakt med Statens vegvesen som vil kome ut å dokumentere vegen sin tilstand. Du må og ta kontakt med Statens vegvesen når tiltaket er ferdigstilt, slik at vi kan få dokumentere vegen sin tilstand på ny. Tiltakshavar må sjølv stå økonomisk ansvarleg for eventuelle skader på vegen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.